

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmar
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 20.08.2019
FRÅ: Administrerande direktør
SAKSHANDSAMAR: Ingvild Braut
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar**

ARKIVSAK: 2019/5283
STYRESAK: **078/19**

STYREMØTE: **05.09. 2019**

Dato for brev	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
01.03.2019	Høyring - forslag til lov om offentlege organ sitt ansvar for bruk av tolk (tolkelova) <i>Høyringsnotatet er ein rapport frå Agenda Kaupang og Oslo Economics om økonomiske konsekvensar ved innføring av tolkelova.</i>	Høyringsfrist 07.06.2019	Høyringssvar sendt

11.03.2019	Høyring - føreskrift om høgare yrkesfagleg utdanning og endringar i studiekvalitetsforskrifta <i>Departementet føreslår å føreskriftsfeste nye reglar om fagskuleopptak, handsaming av personvernopplysningar, vurdering for føresetnader, unntak for treårig fagskuleutdanning og godkjenning av utanlandsk fagskuleutdanning. I tillegg føreslår departementet å overføre reglar om akkreditering av fagskuleutdanning frå studiekvalitetsforskrifta inn i den nye føreskrifta, og å oppdatere desse reglane.</i>	Høyringsfrist 07.06.2019	Høyringssvar sendt
01.04.2019	Høyring – føreskrift om nasjonal retningslinje for masterutdanning i avansert klinisk allmennsjukepleie <i>Det er ønskeleg med styrka klinisk breiddekompetanse i kommunane. Helse- og omsorgsdepartementet vil innføre offentleg spesialistgokjenning av kandidatar med masterutdanning i avansert klinisk allmennsjukepleie.</i>	Høyringsfrist 01.07.2019	Høyringssvar sendt

12.04.2019	Høyring - Samhandling om kartlegging og utgreiing av psykisk helse og rus hos barn i barnevernet (Samhandlingsforløpet) <i>I tildelingsbrev i 2017 fekk Helsedirektoratet og Barne-, ungdoms og familiedirektoratet (Bufdir) i oppdrag å samarbeide om å utvikle modellar og system som sikrar at barn i barnevernet tidleg blir greidd ut for psykiske helseplager, slik at dei får naudsynt helsehjelp i kombinasjon med tiltak frå barnevernet.</i>	Høyringsfrist 08.07.2019	Høyringssvar sendt direkte
24.04.2019	Høyring - Forslag til føreskrift om nasjonal retningslinje for paramedisin <i>Kunnskapsdepartementet sender forslag til nasjonal retningslinje for paramedisinutdanning på høyring. Utdanninga er éin av førebels 20 utdanningar som det blir utarbeidd nasjonale retningslinjer for.</i>	Høyringsfrist: 01.08.2019	Høyringssvar sendt
30.04.19	Høyring - Nasjonal rettleiar for utprøvande handsaming <i>Helsedirektoratet har i tillegg nr. 35 til tildelingsbrev av 20. juni 2018 frå Helse- og omsorgsdepartementet fått i oppdrag å utarbeide ein nasjonal rettleiar for utprøvande handsaming. Rettleiaren skal ta utgangspunkt i dei nasjonale prinsippa for utprøvande handsaming, som vart presentert i Kvalitetsmeldinga (Meld. St. 10 (2012-2013), og gjeldande regulering av forskning og pasienthandsaming.</i>	Høyringsfrist: 09.06.2019	Høyringssvar sendt

14.05.19	Høyring - overføring av finansieringsansvaret for legemiddel til dei regionale helseføretaka i perioden 2020 til 2022 <i>Det vert føreslått å overføre finansieringsansvaret for legemiddel til intravenøs hamsaming av infeksjonar og ved parenteral ernæring, legemiddel som vert brukt ved komplikasjonar med nyresvikt, tromboseprofylakse ved kirurgi og transplantasjonsmedisin. I tillegg kan opprydding i terapiområde som f. eks. ALS, jernoverskot og immunglobuliner vere aktuelt.</i>	Høyringsfrist: 26.06.2019	Høyrings svar sendt
13.05.19	Høyring av forslag til endringar i arbeidsmiljøføreskriftene <i>Endringar som blir føreslått gjeld avgjersler i arbeidsplassføreskrifta, føreskrift om utføring av arbeid, føreskrift om tiltaks- og grenseverdiar, produsentføreskrifta og føreskrift om administrative ordningar.</i>	Høyringsfrist: 15.09.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
16.05.19	Høyring - forslag til endringar i bioteknologilova <i>Departementet føreslår fleire endringar i bioteknologilova.</i>	Høyringsfrist: 02.09.2019	

21.05.19	Høyring - forslag til endring i pasientskadelova og ny forsegn om menerstatning ved pasientskadar <i>Helse- og omsorgsdepartementet sender på høyring forslag til ny føresegn om menerstatning ved pasientskadar. Forslaget er utarbeidd av Norsk pasientskadeerstatning (NPE) på oppdrag frå departementet. Departementet foreslår i tillegg ei endring i pasientskadelova som gjev departementet heimel til å gje føreskrift om menerstatning ved pasientskadar. Heimelen skal òg omfatte føresegn som på einiskilde punkt fråvik reglane om menerstatning i skadeserstatningslova. Menerstatning er erstatning for skade som fører til redusert moglegheit for personleg livsutfalding. Slik erstatning kan bli gitt etter § 3-2 i skadeserstatningslova når skadelidde har fått varig og særskild skade av medisinsk art. Erstatninga blir fastsett ut frå den medisinske invaliditetsgrada og for talet på år utrekna fram til statistisk levealder.</i>	Høyringsfrist: 02.09.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
27.05.19	Høyring - NOU 2019:10 Openheit i grenseland <i>I samråd med Barne- og familiedepartementet og Kunnskapsdepartementet sender Helse- og omsorgsdepartementet høyring på NOU 2019: 10 Openheit i grenseland (Bilete, film og lydopptak i helse- og omsorgstenesta, barnevernet, skulen og barnehagen).</i>	Høyringsfrist: 01.10.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
28.05.19	Høyring - forslag til ny tekst om definisjon av habilitering og rehabilitering i Helsedirektoratet sin rettleiar <i>Helsedirektoratet er opptekne av å utdjupe definisjonen i rettleiaren slik at den er einskapleg og tydeleg for brukarar, tenestene og relevante aktørar. Dei ber difor om konkrete innspel til innhaldet og formuleringane til utkastet. Det meste av endringane er i kapittel 2.</i>	Høyringsfrist: 24.06.2019	Høyringssvar sendt

29.05.19	Høyring - ny lov og føresegn om medisinsk utstyr <i>Helse- og omsorgsdepartementet sender på høring forslag til ny lov og forskrift om medisinsk utstyr for å fullføre forordning (EU) 2017/745 om medisinsk og lovbod (EU) 2017/746 om in vitro-diagnostisk medisinsk utstyr i norsk rett.</i>	Høyringsfrist: 23.08.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
03.06.19	Høyring – NOU 2019: 5 Ny forvaltningslov <i>Forvaltingslovutvalet vart oppnemnd 23. oktober 2015 for å gjera eit samla ettersyn av gjeldande forvaltningslov og tilgrensande ikkje lovfesta forvaltningsrett. Utvalet vart bedne om å utarbeide ei forståeleg og praktikabel lov som sikrar rettstryggleiken og tillita til forvaltinga, og samstundes legg til rette for godt og effektivt saksarbeid. Det vart i mandatet òg lagt vekt på at eit ny lov bør leggja til rette for digitalisering av saksarbeidet og ta omsyn til at lova skal nyttast på ei rekke ulike område og tilpassast ulike formar for organisering av offentleg verksemd.</i>	Høyringsfrist: 02.12.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
05.06.19	Høyring – Invitasjon til å komme med innspel til stortingsmelding om arbeidsrelevans i høgare utdanning	Høyringsfrist: 15.09.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
06.06.19	Høyring – endringar i arbeidsmiljølova <i>Forslag til endringar i arbeidsmiljølova om styrka handheving av innleige- og likehandsamingsreglane.</i>	Høyringsfrist: 15.09.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a

12.06.19	Høyring – tenester i godkjenningsordninga frå 1. januar 2020 <i>Direktoratet skal gje tilråding til Helse- og omsorgsdepartementet om kva for nye tenester som kan fasast inn i Fritt handsamingsval-ordninga, og eventuelt kva for tenester som bør fasast ut.</i>	Høyringsfrist: 30.08.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
18.06.19	Høyring - nasjonal rettleiar for legevakt og kvalitetsindikatorar for legevakt <i>Helsedirektoratet ynskjer ytring på rettleiaren og kvalitetsindikatorar, samt tilrådingar i høyringsutkasta.</i>	Høyringsfrist: 15.09.2019	
20.06.19	Høyring - Nasjonal rettleier for akutthjelparar <i>Oppdraget følgjer opp tilrådingane frå Akuttutvalet (NOU 2015:17 Først og fremst).</i>	Høyringsfrist: 16.09.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
20.06.19	Høyring - Føreslag til endringar i pasientskadelova og føresegn til lova - endringar i tilskotsordninga for privat helseteneste <i>Departementet føreslår endring i pasientskadelova, med ønskje om ein meir effektiv innkrevjing. Grunnlaget er tvang for innkrevjing av tilskot frå privat helseteneste.</i>	Høyringsfrist: 01.10.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
20.06.19	Høyring - NOU 2019: 14 Tvangsavgrensingslova – Forslag til sams reglar om tvang og inngrep utan samtykkje i helse- og omsorgstenesta	Høyringsfrist: 16.12.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a

21.06.19	Høyring - forslag til endringar i helsepersonellova § 29 c – enklare tilgang til helseopplysningar for kvalitetssikring av helsehjelp og eiga læring <i>Avgjerda opnar for innsyn og tilkomst av teiepliktige opplysningar der helsepersonell tidlegare har ytt helsehjelp til pasienten. Dette for kvalitetssikring av helsehjelp eller til eiga læring.</i>	Høyringsfrist: 19.09.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
27.06.19	Høyring - rettleiar om helsetenester til arrestantar i politiarrest <i>Føremålet med rettleiaren er å gje informasjon og tilrådingar om helse- og omsorgstenestetilbodet til arrestantar i politiarrest. Rettleiaren skildrar sentrale ansvarstilhøve og gjer spesifikke råd knytt til særlege utfordringar.</i>	Høyringsfrist: 01.10.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
27.06.19	Høyring – Forskingsrådet sin policy for open forskning <i>Forskingsrådet ynskjer innspel til definisjon av open forskning.</i>	Høyringsfrist: 27.09.2019	
28.06.19	Høyring - Endringar i føresegn om nasjonalt vaksinasjonsregister og føresegn om meldingssystemet for smittsame sjukdomar <i>Føremålet med føresegnendringane er å få betre smittevern. Endringane skal betre kunnskapen om vaksinasjonsdekninga i folket, samt utbreiinga av smittsame sjukdomar i samfunnet. Vidare vert det tilrådd ei plikt for helsepersonell å varsle om smittsam sjukdom ved flytting av pasientar.</i>	Høyringsfrist: 26.09.2019	

28.06.19	Høyring - Rettleiar til føreskrift om svangerskapsavbrot (abortføresegna) <i>Rettleiaren skal bidra til lik praksis og rett saksarbeid i nemndene, samt kvalitet i tenesta til kvinner som søker abort. Rettleiaren handlar om korleis forskrifta sine paragrafar skal forståast og etterkomast.</i>	Høyringsfrist: 15.09.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
01.07.19	Høyring – NOU 2019:9 Frå kalveskinn til datasjø – Ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv <i>Arkivlovutvalet vart oppnemnd 1. september 2017. Utvalet hadde i mandat å gjennomarbeide arkivlova og arkivforskrifta, tilrå ny arkivlov og eventuelt endre gjeldande arkivlov. NOU 2019:9 vart levert til Kulturdepartementet 2. april 2019. Utvalet tilrår ei ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv, denne erstattar gjeldande arkivlov.</i>	Høyringsfrist: 02.12.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
01.07.19	Høyring - Rettleiar til blodføresegna <i>Rettleiaren vil i saman med blodføresegna halda fast på god og einskapleg praksis for transfusjonstenesta i Noreg. Den inneheld særlege tilrådingar til praktisk og medisinskfagleg arbeid i blodbanker. Den er meint som reiskap for å nå forsvarleg og god kvalitet i transfusjonstenesta.</i>	Høyringsfrist: 01.10.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
02.07.19	Høyring – Forslag til gjennomføring av EU-regelverk med nye krav til universell utforming av nettstader og mobilapplikasjonar i norsk rett <i>Høyringsnotatet omhandlar nye krav til universell utforming av nettstader og mobilapplikasjonar for både offentlege og private verksemder.</i>	Høyringsfrist: 26.08.2019	Felles høyringssvar frå dei 4 RHF-a er sendt

05.07.19	Høyring - revidert tilråding om trombektomi i utvida tidsvindaug <i>Trombektomi mellom 6 og 24 timar etter symptomdebut blir tilrådd utført hos selekterte pasientar med hjerneinfarkt som kjem av okklusjon av store hjernearteriar i framre kretsløp.</i>	Høyringsfrist: 03.09.2019	Høyringsbrev sendt HF-a
05.07.19	Høyring – Føreskrift om spesialistgodkjenning for sjukepleiarar med grada mastar i avansert klinisk allmennsjukepleie <i>Føremålet med spesialistgodkjenninga er å styrke kompetansen i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Sentralt er behovet til kommunane for ein styrka klinisk breiddekompetanse. Med innføringa av spesialistgodkjenninga vert det gitt eit tydeleg signal om at sjukepleiarar med denne kompetansen er ein viktig ressurs i dei kommunale helse- og omsorgstenestene.</i>	Høyringsfrist: 01.10.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
08.07.19	Høyring - Tilgjengeleggjering av helsedata <i>Forslaga gjeld tilgjengeleggjering av helseopplysningar og andre helsedata i helseregister til bruk i statistikk, helseanalysar, forskning, kvalitetsbetring, førebuing, styring og vernebuing for å fremja helse, førebyggja sjukdom og skader og gje betre helse- og omsorgstenester.</i>	Høyringsfrist: 04.11.2019	Høyringsbrev sendt HF-a
15.07.19	Høyring - Politiattest for personar som er i kontakt med mindreårige <i>Barne- og familiedepartementet ber om synspunkta til høyringsinstansane på om det er behov for å innføre nye heimlar til å krevje politiattest, eller gjere endringar i eksisterande heimlar for personar som er i kontakt med mindreårige. Formålet er å førebyggje overgrep mot mindreårige.</i>	Høyringsfrist: 31.10.2019	
22.07.19	Høyring - Ergoterapeutar og vurdering av helsekrav til førarkort	Høyringsfrist: 10.09.2019	Høyringssvar vert ikkje sendt

	<i>Rettleiar er på høyring. Handlar om reiskapen til ergoterapeuten for å vurdere om ein førar tilfredsstiller helsekrava for å kunna køyra bil.</i>		
31.07.19	Høyring – oppdaterte faglege retningslinjer for antitrombotisk handsaming <i>I 2013 vart ei fagleg retningslinje for antitrombotisk handsaming og tromboseprofylakse utvikle på mandat frå Norsk selskap for trombose og hemostase (NSTH). Etter lengre tids arbeid har NSTH no ferdigstilt ei ny utgåve av retningslinja.</i>	Høyringsfrist: 20.09.2019	Høyringsbrev sendt HF-a
01.08.19	Høyring - ny versjon av Norm for informasjonssikkerheit og personvern i helse- og omsorgssektoren, versjon 6.0 <i>Med bakgrunn i ny lovgiving, teknologisk utvikling og store enkelthendingar med mykje merksemd har det i dei seinare år vore eit auka fokus på personvern og informasjonssikkerheit i helse- og omsorgssektoren. Som ei følge av dette har ein òg fått eit auka behov for oppdatert rettleiing og ein modernisert og oppdatert Norm for informasjonssikkerheit og personvern i helse- og omsorgssektoren.</i>	Høyringsfrist: 01.11.2019	